

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ansaks.nr.	Dok.nr.	Saks.nr.
08/2693	6	KAN
L.nr.	6489/09	
20 MAI 2009		
Ark.kode P	026	
Ark.kode S	201	
Kategori	Gradering: §	

Avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune

om drift av sekretariatet for Sogn regionråd

Føremålet med Sogn regionråd er å vera ein felles arena for samfunnsutviklande prosessar med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal òg fungera som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane. Sekretariatet i Sogn regionråd skal bidra til at arbeidet i rådet skjer i samsvar med dette føremålet.

Sogndal kommune skal levere sekretariatstenester til Sogn regionråd. Sekretariatsoppgåvene vil omfatta følgjande:

- førebuing, gjennomføring og oppfølging av møtene i Sogn regionråd og grupper under Sogn regionråd
- føre rekneskap og arkiv
- gjennomføre prosjektarbeid
- i samråd med leiaren av rådet informere om Sogn regionråd og representere rådet i møter med andre instansar.

Sogn regionråd og leiinga i rådet gjer prioriteringane som grunnlag for arbeidet til sekretariatet. Desse prioriteringane blir gjort i samband med budsjett/årsplan og møta til regionrådet. Leiaren i rådet signere innstillingar for handsaming i Sogn regionråd .

Sogndal kommune ved rådmannen har mynde til å tilvise utbetaling av midlar i samsvar med vedteke budsjett til rådet. Mynde gjeve til rådmannen i Sogndal kan delegerast vidare.

For å ivareta sekretariatsfunksjonen vil Sogndal kommune nytte eitt årsverk til oppgåva som sekretær for Sogn regionråd. Den som er tilsett i denne stillinga vil vera kontaktperson for rådet, og ivareta den daglege drifta. Sogndal kommune har arbeidsgjevaransvaret og medarbeidaroppfølginga overfor denne personen. Sogndal kommune vil også stille kontor, teknisk utstyr (fast telefon, stasjonær PC) arkiv og andre merkantile funksjonar til disposisjon.

Sogn regionråd betaler årleg kr. 825 000,- til Sogndal kommune for kjøp av desse tenestene. I denne summen inngår alle løpande utgifter ved drifta av sekretariatet. Dette beløpet vert justert årleg, tilsvarande deflatoren i statsbudsjettet. Dersom det er trong for vesentleg å endre lønstilhøva for dei personane som skal ivareta sekretærfunksjonane for å behalde eller rekruttere kvalifisert arbeidskraft, kan Sogndal kommune ta opp med leiaren i Sogn regionråd å få justert den årlege beløpet.

Rekneskapan for Sogn regionråd inngår som eige ansvar i Sogndal kommune sitt rekneskap og vert revidert som del av Sogndal kommune sitt rekneskap. Fondsmidlane til Sogn regionråd vert ført som bundne driftsfond i Sogndal kommune sitt rekneskap. Påløpne renter skal godskrivast Sogn regionråd sine fond.


Vertskommune fakturerer kontingent i samsvar med vedteke budsjett i løpet av første halvår i rekneskapsåret. Vert det gjort budsjettendringar skal dette takast omsyn til ved seinare faktureringar. Meirverdiavgiftkompensasjon som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal kommune. Sogndal kommune fakturerer eigendelar i prosjekt med mva. i samsvar med brev frå SF Revisjon (jf. årsmelding og rekneskap 2005 for Sogn regionråd).

For tidsavgrensa prosjektstillingar som kjem i tillegg til stillinga som dagleg leiar, skal det lagast egne avtalar mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune.


Denne avtalen gjeld frå 01.01.10 og kan gjensidig seiast opp av partane med eitt års varsel, likevel slik at oppseiing må skje innan 31.12, då med opphøyr av avtalen frå neste årsskifte.

Sogndal, 15.5.2009

Sogn regionråd


Jarle Aarvoll
leiar i Sogn regionråd

Sogndal kommune


Jostein Aarstad
rådmann